



Kommunal- og distriktsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Gloppen kommune - utmelding av Robek, register for godkjenning og kontroll

Gloppen kommune er registrert i Robek med heimel i kommunelova § 28-1, bokstav c. Kommunen vart meldt inn etter at dei ikkje greidde å dekke inn meirforbruk frå 2019 på 11,1 mill. kroner i 2021, då dei i tillegg fekk eit nytt meirforbruk i 2020 på 6,5 mill. kroner. I mars 2021, ved revidering av rekneskapen for 2020, vart det oppdaga nokre feilposteringar i rekneskapen. Etter oppretting av desse vart meirforbruket frå 2020, og delar av meirforbruket frå 2019, dekt inn i rekneskapen for 2020.

Gloppen kommunestyre vedtok i møtet 15.06.2022, sak 064/22, rekneskapen for 2021. Det attståande meirforbruket på 5,6 mill. kroner vart der vedteke inndeckt, slik at alt tidlegare meirforbruk no er dekt inn. Kommunen jobbar no godt med økonomistyring for at den økonomiske handleevna skal bli ivareteken over tid.

Gloppen kommune blir derfor meldt ut av Robek etter § 28-5, tredje ledd.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Gloppen kommune

Grandavegen 9

6823

SANDANE